

**HAFSLO IDRETTSLAG**

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

# Anleggsplan

## Hafslo IL

### 2015-2018



## **ANLEGGSOVERSIKT OG ANLEGGSPAN**

Hafslo IL har revidert anleggsplanen. Hensikten med planen er å framskaffa ein samla oversikt over tilstanden til dei einstilte anlegga og å kunne prioritere mellom anlegg som skal meldast inn til ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Denne anleggsplanen legg dermed grunnlaget for prioriteringar av saker som skal meldast inn til oppstart av planprosess mhp ny kommunedelplan. Fyrste delen av dette arbeidet startar opp med handsaming i Luster idrettsråd vinter 2015.

Anlegga i denne planen er avgrensa til dei anlegga som Hafslo IL har eigarskapet til, har langtidsleige på eller har eigarinteresser i. Sjølve anleggsplanen er delt i to. Den fyrste delen er ein kort statusrapport over tilstanden til dei einstilte anlegga, vedlikehaldsbehovet til desse dei neste 4 åra og kven som har ansvaret for dette. Det føreligg i denne planen ingen rangering av vedlikehaldsbehova, men vert føresett at dette vert bestemt gjennom det ordinære styrearbeidet og etter kva ressursar som er tilgjengeleg.

Del to er ein oversikt over nye anlegg og idrettslaget si prioritering av desse, samt kven som har ansvaret for vidare arbeid. I den komande planperioden 2015-2018, vil det for Hafslo IL vera høgast prioritet å bidra til å få realisert nye anlegg for vinteridrett på Sogn Skisenter. Strategien for å nå dette målet er at Hafslo IL bidreg som delbidragsytar, men ikkje som anleggseigar for dei nye anlegga. Hafslo IL ynskjer at desse anlegga skal få så høg prioritet som mogeleg i den nye, reviderte kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

Når det gjeld utvikling av fotballanlegget i Moane, er det gjennom utgreiingsarbeidet konkludert med at den mest hensiktsmessige investeringa vil vera eit forenkla kunstgrasanlegg på grusbana. Dette vil måtte realiserast utanfor spelemiddelordninga. Hafslo IL melder derfor ikkje dette anlegget inn i ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Prioriteringa mellom anlegga vert begrunna med at somaridrettane vart prioritert i førre planperiode og har fått realisert sine anlegg mellom anna gjennom 7'ar bana ved skulen. Det er derfor naturleg å prioritere vinteridrettane denne gongen. Det er vidare stort behov for å utvikle anlegga for vinteridrett. Avtalen på hoppanlegget i Kvam går ut i 2019, så det hastar med å få etablert nye anlegg dersom aktiviteten skal vidareførast. I tillegg må prioriteringa sjåast i samanheng med at idretten i Luster kommune og det politiske nivået i kommune går saman om å utbetre anlegga på Sogn Skisenter og at denne utviklinga skjer no.

Det vert i denne planen innstilt på at ei eventuell vidare utvikling av fotballanlegget i Moane bør skje i neste planperiode (2019-2022). Det er fleire grunnar til dette. For det fyrste er den økonomiske situasjonen i Hafslo IL slik at vi er nødt til å prioritere ressursbruken. For det andre vil eit engasjement i utvikling av anlegga for vinteridrettane ved Sogn Skisenter krevje at Hafslo IL fokuserer på dette i fyrste omgang. Den tredje grunnen er at det er uavklart kva driftsfasen av kunstgrasbaner vil krevje av ressursar, og dette vil det ta tid å få avklart. Dette må vera avklart før eit årsmøte kan ta ei avgjersle i saka. For det fjerde, så er det mykje arbeid som gjenstår i saka knytt til eit forenkla kunstgrasprosjekt på grusbana før eit årsmøte kan ta ei avgjersle (sjå saksutgreiinga for detaljar). Dette arbeidet vil sannsynlegvis ta fleire år, og både kan og må gjerast uavhengig av eit årsmøtevedtak. Det vert lagt til grunn at dette vert gjort før eit framtidig årsmøtet skal ta stilling til saka.

### **Prosess i Hafslo IL**

Proessen med å utarbeida anleggsplan for Hafslo IL har vore leia av Ove Oklevik. Arbeidet med å revidera planen starta opp i midten av juni 2014, då gruppeleiarane vart varsla om oppstart av revideringa og samstundes vart utfordra på å levere bidrag til planen. Proessen har vidare bestått av fleire møter med involverte gruppeleiarar, to saker på utvida styremøte, to saker på styremøte, samt diverse epostutvekslingar og møter ved Sogn Skisenter.

## A. OVERSIKT HAFSLO IL SINE EIGNE ANLEGG

ANLEGG	STATUS	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	ANSVAR	BYGGET / RESTAURERT
KVAMSBAKKEN	BAKKEN ER UNDER UTFASING FRAM TIL 2020,	KUN MINDRE UTBEFRINGAR ER AKTUELLE DÅ ANLEGGET SKAL FASAST UT	HOPPGRUPPA	
FRIIDRETTSANLEGG	I BRUKBAR STAND	LØPEBANENE, LENGDEGROP OG KASTSONER TRENG Å VEDLIKEHALDAST. OPPGÅVA KAN SETJAST UT PÅ DUGNAD	STADIONSTYRET	
FOTBALLBANE-7'AR	I GOD STAND	KREV KONTINUERLEG ETTERSYN OG VEDLIKEHALD	STADIONSTYRET	
FOTBALLBANE-GRAS	I GOD STAND		STADIONSTYRET	
PUMPEHUS	I BRUKBAR STAND.	VEDLIKEHALD MTRIAL 5000 KR, + BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
TRIBUNEANLEGG	I BRUKBAR STAND.	UTBEFRING AV RÅTSKADAR, MTRIALBEHOV CA 10 000 KR.+ BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
FOTBALLBANE-GRUS	I GOD STAND.	PÅFYLL GRUS, CA 10 000, FJERNING GRAS PÅ DUGNAD. DETTE VERT UTSETT TIL AVGJERSLE OM EV. KUNSTGRAS ER TEKE	STADIONSTYRET	
KLUBBHUS	I GOD STAND	KJØKKEN KAN SKIFTAST, KOSTNAD CA 50 000. UTBETRE INNGANSPARTI, RAMPAR, TRAPPER, RÅTSKADER, CA 5000. DUGNADSBELØNNING I TILLEGG	STADIONSTYRET	
ORIENTERINGSKART OKLEVIKMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013
ORIENTERINGSKART MOLLANDSMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2014
ORIENTERINGSKART MOANE	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013
ORIENTERINGSKART GAUPNE	I GOD STAND	TRENG Å OPPGRADERAST FOR Å FÅ MED NY BYGNINGSMASSE SOM LUSTRABADET ETC. KOSTNAD CA 7000 KR	ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2011
SKULEKART HAFSLO SKULE	I GOD STAND.	TRENG Å OPPGRADERAST FOR Å FÅ MED NY BYGNINGSMASSE SOM BARNEHAGE OG FOTBALLBANE ETC. KOSTNAD CA 7000 KR.	ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2012
KIOSK	I GOD STAND.	ANLEGGET VART FERDIG FORNYA I 2012	ANLEGGSKOMITEEN	2012

## **OVERSIKT OVER HAFSLO IL SINE LANGTIDSLEIGDE ANLEGG**

<b>ANLEGG</b>	<b>STATUS</b>	<b>PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING</b>	<b>ANSVAR</b>	<b>BYGGET / RESTAURERT</b>
DEL AV SERVICEBYGG PÅ HEGGMYRANE	GOD STAND		SKIGRUPPENE	2009/2010

### **B. PLANLAGTE ANLEGG**

Denne delen av anleggsplanen inneheld dei nye anlegga Hafslo idrettslag har under planlegging pr januar 2015. Desse er avgrensa til anlegg Hafslo IL har eigarskap, deleigarskap til eller eigarinteresser i. Det ligg i planen inne ei prioritering mellom anlegga.

Grunngjeving for prioritering mellom anlegga: I forrige planperiode vart sommaridrettane fotball og orientering prioritert. Begge desse idrettane har i løpet av planperioden 2010-2014 fått realisert sine ynskjer i form av 7'ar bane og eit orienteringskart. Det vert derfor tilrådd at det i komande planperiode vert ein prioritering av vinteridrettane. Det er ila hausten 2014 er sett i gang eit større planarbeid på Sogn Skisenter med tanke på å betre anlegga for både langrenn, hopp og alpint. Det vil vera enklare for Hafslo IL å vere ein delbidragsytar på desse prosjekta, enn å stå som byggherre på nye idrettsanlegg sjølv. I tillegg vil denne satsinga løyse heilt avgjerande behov for vinteridrettane. Hoppanlegget i Kvam skal fasast ut i 2020, og utan nye hoppbakkar på Heggmyrane vil det vera vanskeleg for Hafslo IL å kunne halde fram med hopp som aktivitet. Langrenn treng løyper som er tilpassa dagens standard og der noko av traseen er i asfalt. Asfalttrase vil forlengje sesongen betydeleg og også danne grunnlag for aktivitet også somarstid. Sogn skisenter landa forprosjektet for anleggsutviklinga ila oktober 2014. Hafslo IL vil derfor i denne planen fremja eit ynskje om at dei nye anlegga for vinteridrettane ved Sogn Skisenter vert høgt prioritert når kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til rapporten frå forprosjektet som vart lagt fram i oktober 2014.

## **Vidare utvikling av fotballanlegget i Moane**

I arbeidet med revidering av anleggsplanen til Hafslo IL, er fleire alternativ med tanke på utvikling av fotballanlegget i Moane utgreidd.

### *Alternativ 1 Kunstgras på grasbana i Moane*

Alternativet med å leggje kunstgras på grasbana i Moane har fleire problematiske sider. Ei slik utbyggjing vil krevje at mesteparten av løpebanene vert bygd ned for å gje plass til sikkerhetssona og asfaltkant på kunstgrasbana. Friidrettsanlegget vart opna i 1981, og ein vesentleg del av dette vart finansiert av offentlege midlar. Forskrifta som regulerer tildeling av spelemidlar, legg eit klart ansvar ved tildeling av spelemidlar. Den som er anleggseigar og som har motteke tilskot, er pliktig til å halde anlegget ope og i god stand i 40 år. Friidrettsanlegget i Moane vart opna i 1981 (sjå årboka frå 75 års jubileet). HIL har derfor forpliktingar ifht løpebanene, lengdegropa og kastsonene. Vi kan ikkje gjere som vi vil med dette før i 2021. Spelemiddelforskrifta har vidare eit krav om at anlegg som søker om tilskot ikkje skal byggje ned kulturminner eller eksisterande idrettsanlegg. Dette kravet må vera oppfylt før anlegget kan få den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga, som er naudsynt for å kunne søke om spelemidlar. Kunstgrasbaneanlegg på grasbana vil derfor vere diskvalifisert til å søke om spelemidlar og offentlege tilskot. Den neste problematiske sida er driftssida av eit slikt anlegg. Kunstgrasbaner av denne storleiken, og som skal realiserast innan spelemiddelordninga, vert organisert som aksjeselskap. Opplysningar om desse er fritt tilgjengelege i Brønnøysundregistera. Ein vanleg forretningsmodell er der slik: Interessentar i bana går inn med aksjekapital, rundt 1 million. Ein søker om spelemidlar, og når ein får desse lånefinansierer ein resten av anlegget opp til 10 millionar. Driftsfasen er vidare finansiert med leigeinntekter i storleiken 600 000 kr pr år. Her er det som regel tre leigetakarar, der kvart part bidreg med 200 000 kr i årleg leige. Det er såleis lite realistisk å byggje slike anlegg utan at ein får langsiktige leigeavtalar med ein vidaregåande skule, ein grunnskule, samt eit idrettslag. Omsetjinga på 600 000 kr vert fordelt på 300 000 i lån og avdrag, 150 000 kr i driftsutgifter og 150 000 kr i vaktmestertjenester.

Konklusjon: Ingen av vilkåra som er naudsynte for å realisere ei 11'ar kunstgrasbane innan spelemiddelordninga til stades i Moane. Prosjektet vert derfor lagt vekk.

### *Alternativ 2, Lysanlegg på grasbana i Moane*

Fotball har behov for lys dei siste 6 vekene av sesongen på hausten. Dette behovet er delvis dekkja gjennom opninga av 7'ar bana ved skulen, der lag som spelar 7'ar fotball ikkje lenger er avhengig av å trene eller spele kampar tidleg på kvelden. For lag som spelar 11'ar eller 9'ar fotball vil framleis vere eit behov for lys. Eit lysanlegg på grasbana i Moane vil koste om lag 900 000 kr. Dette kan realiserast innan spelemiddelordninga. Denne opnar for 1/3 finansiering av spelemidlar, mulighet for 1/3 i kommunale tilskot og resten eigenfinansiering. Lysanlegget vil derfor minimum koste Hafslo IL 300 000 kr. Denne summen må sjåast i samanheng med nytten eit nytt lysanlegg vil gje. Dårleg vær seinhaustes vil til dømes bety at bana kan bli stengd og kampar må flyttast sjølv om det er lys.

### *Alternativ 3, legging av kunstgras på grusbana*

Det tredje alternativ inneberer ein forenkla investering etter modell av kva som vart gjort på grusbana i Gaupne. Dvs kjøping av brukt dekke som vert lagt direkte på grusen. Dette prosjektet kosta IL Bjørn om lag 550 000 kr. Eit forenkla prosjekt som dette er heller ikkje kvalifisert til å søke om spelemidlar og kommunalt tilskot, noko som betydde at IL Bjørn betalte dette sjølv. Budsjettet vart delt mellom kjøp av dekke 200 000 kr, legging 100 000 kr og entreprenørutgifter 250 000 kr. Det siste skuldast at grusbana måtte utvidast med 7 meter i breidda slik at ho passa til dekket. Greier ein i Moane å finna eit brukt dekke som ikkje er for breidt eller langt, ja så vil eit forenkla prosjekt som i Gaupne kunne realiserast i Moane for ned mot 300 000 kr. Grusbana i Moane er målt til 60 ganger 100 meter, så ein avgjerande faktor for å halde kostandane nede vil vera å finne ei kunstgrasmatte som passar dette målet. Det kan imidlertid vere verdt å heve kvaliteten på dekket eit hakk ved også å leggje ei gummimatte under kunstgrasdekket. Dette vil i så fall bety ein meirutgift på om lag 500 000 kr. Konklusjon ifht til investering: Det er

mogeleg å realisere eit mindre prosjekt med brukt kunstgras opp på grusbana innan ei ramme på mellom 300 000 og 1 million kr, avhengig av standard og i kva grad ein lykkast i å gjere gode innkjøp. Det vil ikkje vera mogeleg å få offentlege midlar til dette.

Det er imidlertid knytta betydeleg usikkerhet til kva ressursar det vil krevje å drifte ei forenkla kunstgrasbane i Moane. Utgreiingane frå Brønnøysundregistera syner at det vil krevje om lag ressursar på om lag 300 000 kr pr år i form av personalkostnader og direkte utlegg å drifte eit 11'ar anlegg. Dessutan har ikkje Hafslø IL erfaringar enno på kva driftsfasen vil krevje av ressursar på 7'ar bana ved skulen. For å få eit presist bilde av dette, vil sannsynlegvis fleire år med drift måtte liggje til grunn. Sidan driftsfasen av anlegget vil vera det mest krevjande er det avgjerande å få denne erfaringa på plass før ein kan ta stilling til om 11'ar bana på grusen i Moane skal realiserast eller ikkje.

Konklusjon for alternativ 2 og 3: Alternativ 3 vil vera den mest hensiktsmessige investeringa å gjere for Hafslø IL. Hafslø IL vel likevel å utsetje beslutninga om ein skal gå for dette eller ikkje av fire grunnar. For det fyrste treng ein betre beslutningsgrunnlag knytt til kva det vil krevje av ressursar å drifte eit anlegg som dette, for det andre vil satsinga på Sogn Skisenter krevje at Hafslø IL fokuserer ressursbruken dei næraste åra, og for det tredje er det mykje av arbeidet med 11'ar kunstgrasbana som kan gjerast før ein tek eit prinsipielt vedtak. Dette arbeidet vil venteleg ta fleire år. For det fjerde, er den økonomiske situasjonen i Hafslø IL noko meir krevjande pr januar 2015 samanlikna med tidlegare år.

Det prinsipielle i saka om 11'ar kunstbane på grusbana vert derfor utsett til neste planperiode og til ei avgjersle på årsmøtet i 2019.

#### **Vidare framdrift for realisering av brukt 11'ar kunstgrasbane på grusen i Moane**

Dersom Hafslø IL vel å realisere ei kunstgrasbane på grusen i Moane, så vil dette til saman krevje 3 gonger så mykje dugnadsarbeid og utlegg til drift som 7'ar bana ved skulen vil krevje. 11'ar bana vil i seg sjølv krevje det doble av ressursar, og i tillegg må vi leggje til det 7'ar bana krev.



Sidan det er heilt avgjerande å få klarlagt ressursbehovet for å drifte kunstgrasbaner, før ein tek stilling til eit eventuelt nytt utbyggingsprosjekt, vil ein på eit framtidig årsmøtet i Hafslo IL måtte ta stilling til desse to spørsmåla:

1. Er Hafslo IL i stand til å bruke 3 ganger så mykje pengar kvart år på drift og vedlikehald som på 7'ar bana ved skulen?
2. Er Hafslo IL i stand til å levere 3 ganger så mykje dugnadsinnsats kvart år som dugnaden på 7'ar bana ved skulen krev?

For å realisere prosjektet må eit framtidig årsmøte svare ja på begge desse spørsmåla. Sjølv om vi i dag, på bakgrunn av rekneskap frå Brønnøysund og erfaringar frå andre idrettslag, kan gje ein peikepinn på ressursbehovet, er det avgjerande å kunne vinne egne erfaringar på dette før det vert konkludert. Mellom anna må det etablerast ein driftsmodell for vedlikehald som fungerer i det lange løp.

Det er også ein betydeleg del av arbeidet som kan gjerast før eit prinsipielt vedtak i saka. Det vert lagt til grunn at fylgjande oppgåver vert løyste før eit framtidig årsmøtet tek stilling til om prosjektet skal realiserast eller ikkje:

1. Utvikling av driftsmodell for vedlikehald av 7'ar bane ved skulen. Dersom ein lykkast med dette, vil ein også kunne skalere dette opp til også gjelde ei 11'ar bane.
2. Grunneigaravtale. Eksisterande grunneigaravtale for leige av areal må forlengast slik at det omfattar den forventade levetida til det nye anlegget.
3. Avtale –parkering innmark. Sidan grusbana vert nytta som parkeringsanlegg, må det lagast intensjonsavtalar med andre grunneigarar om alternativt parkeringsareal, dersom kunstgrasanlegget vert realisert.
4. Opsjon, leige nytt areal. Det kan skaffast ein opsjon på å leige meir areal rundt grusbana, med tanke på å opparbeide eit nytt parkeringsareal.

5. Detaljering av planane. Anleggsplanen gjev rammene for eit eventuelt nytt kunstgrasprosjekt, men planane må vidareutviklast med tanke på budsjett, gjennomføring og drift.
6. Finansiering. Oppretting av eigen anleggskonto. Det vert starta opp eit arbeid for å skaffe 2/3 av beløpet som skal til for å realisera prosjektet. Årsmøtet i HIL vert bedt om å bidra med den siste 1/3 og bere risikoen.
7. Ansvar for framdrifta i saka vert lagt til fotballgruppa og stadionstyret.

Dersom det seinare i prosessen vert bestemt at prosjektet ikkje kan realiserast, vil fotballmiljøet kunne nytte eit eventuelt opparbeidd beløp til andre prosjekt.

Prioritering	ANLEGG	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	Plan status	ANSVAR
1	UTVILKING ANLEGG FOR VINTERIDRETT SOGN SKISENTER	FORPROSJEKTET FERDIGT. PROSJEKTET ER OMFORENT MED ALLE IDRETTLAGA OG IDRETTSRÅDET I LUSTER KOMMUNE. HAFSLO IL YNSKJER DETTE PROSJEKTET SKAL BLI HØGT PRIORITERT I NY KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET	FORPROSJEKT ER FERDIGT B: AVKLART O: AVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;AVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART	SOGN SKISENTER ER ANNLEGGSEIGAR (EV LUSTER KOMMUNE) HAFSLO IL ER BIDRAGSYTAR
2	FORENKLA KUNSTGRASANLEGG PÅ GRUSBANA I MOANE	PROSJEKTET MÅ REALISERAST UTANFOR SPELEMIDDELORDNINGA. PROSJEKTET KAN FYRST REALISERAST I NESTE PLANPERIODE. PRINSIPPIELLE VEDTAK I SAKA KAN FATTAST PÅ ÅRSMØTET I 2019, DERSOM SAKA ER FERDIG UTARBEIDD		FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET

B:Behov. O:Omfang. BU: Budsjett. F:Finansiering. A:Areal. U:Universell utforming. M:Miljøtilpasning.  
AN: Anleggsperiode og organisering av arbeidet. D: Driftsplan.